

HJELPETEKST

TIL KOMMUNALE VEDTAK OM BRUK AV TVANG OG MAKT OVERFOR EINSKILDE PERSONAR MED PSYKISK UTVIKLINGSHEMMING. Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 9-5, tredje ledd bokstavane b og c.

- Det er ein føresetnad for utfylling av vedtaket at du har Rundskriv IS-10/2015 tilgjengeleg/framfor deg.
- I vedtaksmalen; Trykk i feltet bak der det står KOMMUNE og start utfyllinga. For å hoppe til neste punkt/utfylling, trykk F11.
- VEDTAKSDATO: same dato som overordna fagleg ansvarleg fattar vedtaket.
- Om det trengs fleire rubrikkar enn det er laga liste for under utfyllingane i punkt 3, trykk linjeskift/tabulator i siste rad.
- ALLE felt skal fyllast ut, med mindre det går fram av vedtaket/hjelpeteksten

| Nr. i vedtaket | Utfylling | Lovtilvising | Rundskriv IS-10/2015 |
|----------------|--|--|--|
| 1 | PERSONOPPLYSINGAR | Link: Helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 | Link: Rundskriv IS-10/2015 |
| 1.1 | Namn på personen det skal nyttast tvang og makt mot. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-7, tredje ledd bokstav a. | Punkt 4.7.4.2 |
| 1.2 | Personen sin næraste pårørande : Her skal det berre stå ein person, med mindre personen er under 18 år, da skrivast den eller dei som har foreldreansvaret. | Pasient- og brukerrettighetsloven § 1-3 bokstav b. | Punkt 4.3.2 |
| 1.3 | Har personen verje med mandat kapittel 9? Under 18 år er verje den eller dei som har foreldreansvaret. For andre er det eit krav om verje med særleg mandat etter kapittel 9. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-3 andre ledd, § 9-7 fjerde ledd, § 9-8 andre ledd, § 9-11 første ledd, § 9-12 andre ledd. | Punkt 4.3.4 |
| 1.4 | Vilkår om at personen har diagnose psykisk utviklingshemming . Ved fyste gongs vedtak, skal det dokumenterast at vedkommande har ei slik diagnose, når denne vart satt og av kven, og det skal refererast til ein ICD-10 kode. Skriv også inn eventuelt andre <u>relevante</u> diagnosar. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-2, første ledd. | Punkt 4.2.2 |
| 1.5 | Personen si fysiske og psykiske helsetilstand . Evnt. opplysingar om medikamentbruk som kan vere knytt til personen si åtferd og andre relevante helseopplysingar. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-7, tredje ledd bokstav b. | Punkt 3.3.7, 3.3.8, 3.3.9, 3.3.10. Punkt 3.4 og punkt 3.5. |

| | | | |
|-----|--|---|---------------------------|
| 1.6 | Enkeltvedtak på tenester . Her skal du stadfeste at personen tek i mot tenester frå kommunen. Legg ved kopi av <u>gjeldande enkeltvedtak</u> ved innsending av tvangsvedtak. Sjå punkt 5.1. Om enkeltvedtaket er endra sidan førre overprøving, legg ved kopi av nytt enkeltvedtak. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-2, første ledd. | Punkt 4.2.4 |
| 1.7 | Historie og personen sin situasjon per i dag. Gi ei kort presentasjon av personen, han/hennar historie og denne sin situasjon per i dag. (til dømes tidlegare busituasjon, helseutfordringar/utreingar, særlege livshendingar og liknande). Kva gjeld situasjon i dag, er det særleg åtferda, moglege utløysande årsakar og skadefølgje som må skrivast. <u>Ved vidareføring</u> , skriv evt. det som er nytt sidan førre overprøving. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-7, tredje ledd bokstav b. | Punkt 4.7.4.2 |
| 1.8 | Førebyggjande arbeid . Er det syta for blant anna; Oversiktleg, forutsigbar og trygg kvardag, lik praksis frå tenesteytarane, at talet på tenesteytarar i turnus er så låg som mogleg? At tenestetilbodet er individuelt tilrettelagt, at det er lagt til rette for mest mogleg sjølvråddrett og individuelt tilpassa kommunikasjon? God helseoppfølging? Ein meiningsfylt kvardag, moglegheit for kontakt med familie, venar og anna nettverk? Lista er ikkje utømmende. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-4 | Punkt 4.4.2, 4.4.3, 4.4.4 |
| 1.9 | Næraste pårørande/verje si meining om tiltaket /tiltaka. So lenge det er mogleg og ønskjeleg skal desse private partane delta aktivt i arbeidet med å <u>utarbeide tiltaket</u> og vedtaket. Her må det eventuelt gå fram om denne/desse partane ønskjer andre tiltak, og det bør stå noko om denne/desse si generelle innstilling til bruk av tvang og makt. Obs! Det er eit minimumskrav at verje med kapittel 9- mandat les gjennom kommunen sitt vedtak, for på denne måten kunne sjå til at den verjetrengande sine interesser og rettstryggleik vert ivareteke. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-3, 2. ledd, §§ 3-2 første ledd nr. 6, 3-6 og 3-8. Pasient- og brukarrettigheitslova § 3-1. | Punkt 4.3.1 og 4.3.3. |

| | | | |
|-------------|--|---|---|
| 2 | OPPLYSINGAR OM TILTAKET | | |
| Obs! | Ved vedtak om fleire tvangstiltak, sjå rettleiing på slutten av denne hjelpeteksten <u>FØR</u> du startar utfyllinga! | | |
| 2.1 | Namnet på tiltaket. Eks: <i>Låst boddør om natta</i> . Gi ei konkret framstilling av tiltaket, gjennomføringa av det og avbrytingskriteria . Skriv inn tiltaksbeskrivelsa eller vis til vedlegg der dette ligg ved. Legg gjerne ved billete for illustrasjon. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-7, tredje ledd bokstav c. I høve avbrytingskriteria; helse- og omsorgstenestelova § 9-9, fjerde ledd. | Punkt 4.7.4.2 Punkt 4.9.6 |
| 2.1.2 | Personen sitt syn på tvangstiltaket. Her skal du omtale kva for haldning personen sjølv har til tiltaket. Du skal beskrive både den generelle reaksjonen personen har på tiltaket, og spesielle reaksjonar som han/ho vil kunne ha når tiltaket gjennomførast. Om det ikkje er mogleg å få fram personen si haldning grunna kognitivt funksjonsnivå eller andre høve, må dette gjerast greie for. Personen har krav på ei forklaring på kva tiltaket går ut på. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-3, andre ledd og § 9-7, tredje ledd bokstav f. | Punkt 2, punkt 4.3.1 og punkt 4.7 |
| 2.1.3 | Beslutningskompetanse. Sjå Rundskriv IS-10/2015 for nærare info om og vurdering av beslutningskompetanse. Det skal gjerast ei slik vurdering for kvart tiltak. | | Punkt 2.2.3 og punkt 2.2.4 |
| 2.1.4 | Heimel for tiltaket. For nærare rettleiing, sjå nedst etter denne hjelpeteksten. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-5, tredje ledd. | Punkt 4.5.6.4 og punkt 4.5.6.5. Punkt 4.6. |
| 2.1.5 | Tvang som ledd i tenester . Skriv inn kvar tiltaket skal utførast, til dømes i eigen bustad, på offentleg stad eller på jobb/aktivitet osv. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-2, første ledd. | Punkt 4.2.4.2 |
| 2.1.6 | Vesentleg skade. Det er mogleg å krysse av i fleire av rubrikkane, men kommunen må forklare/utdjupe kva | Helse- og omsorgstenestelova § 9-5, andre ledd. | Punkt 4.5.3 |

| | | | |
|--------|--|--|--------------------------|
| | den faktiske skaden handlar om i rubrikken ved <i>forklar</i> . Det skal ikkje nyttas tvang om skaden kan hindras på anna måte. | | |
| 2.1.7 | Andre løysingar. Dette punktet må ikkje vekslast med førebyggjande arbeid. Andre løysingar er alternative måtar å møte den aktuelle åtferda på. Ein må alltid syte for å finne fram til tiltak basert på samtykke og samarbeid med personen. I andre løysingar ligg den kontinuerlege vurderinga av å gjere tiltaket mindre inngripande. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-5, første ledd. | Punkt 4.5.1 |
| 2.1.8 | Forholdsmessigheit. Her skal det vurderast kor stor belastning tiltaket påføra personen, og om denne belastninga står i eit rimeleg høve til den skaden som skal avgrensas/hindrast. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-5, andre ledd. | Punkt 4.5.4 |
| 2.1.9 | Fagleg og etisk forsvaleg. Fagleg forsvarlegheit handlar særskilt om kva for metode og verkemiddel som er vald, og korleis tiltaket er utforma. Tiltaka må gjennomførast i samsvar med målsettinga og med personale som er kvalifiserte til dette. Etisk forsvarlegheit handlar særleg om kor inngripande tiltaket er i personen sitt liv. Tiltaket må ikkje gå lenger en det som er naudsynt for formålet, og elles stå i eit rimeleg forhold til formålet. Om tiltaket i tillegg er heimla i §9-6, må det gå særskilt fram i dette punktet at vilkåra er oppfylt. Til dømes at, og korleis personen vert haldt under oppsikt ved eit skjermingstiltak. Sjå punkt 4.6 i rundskrivet. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-5, andre ledd. | Punkt 4.5.5 Punkt 4.6 |
| 2.1.10 | Evaluering. Tiltaket skal vurderast kontinuerleg, og det må føretas gode og løypande vurderingar av tiltaket så lenge det er i bruk. Her skal du skrive korleis tiltaket har fungert i førre vedtaksperiode. Vis gjerne til tal/visuell framstilling, og legg | Helse- og omsorgstenestelova § 9-9, fjerde ledd | Punkt 4.9.6 |

| | | | |
|--------|--|--|---|
| | gjerne ved registreringskjema. <u>Ved fyste gongs vedtak, treng ikkje dette punktet å fyllast ut.</u> | | |
| 2.1.11 | Tiltaket si varigheit. Vedtak gjeld frå Fylkesmannen sin dato for overprøving. Det kan gjerast vedtak for inntil tolv månader om gongen. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-7, andre ledd, og tredje ledd bokstav d. | Punkt 4.7 |
| 2.1.12 | To tenesteytarar til stades ved gjennomføring av tiltaket. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-9, andre ledd | Punkt 4.9.4 |
| 2.1.13 | Journalføring av tiltaket. Nr. 1: Verksemda som yt helsehjelp har ei plikt i å opprette eit journalsystem. Skriv kva for system kommunen har oppretta her. Nr. 2: Skriv namnet og tittelen på den som er tillagt eit særleg ansvar i høve til å følgje opp journalføringa. Nr. 3: Det følgjer av § 9-9 fjerde ledd at tiltaket skal vurderast kontinuerleg. Kryss av for kor ofte kommunen vil gjere ei slik vurdering. Nr. 4: Det må gjerast ei fagleg vurdering av kva som er å sjå på som naudsynte og relevante opplysingar. I punkt 4.10.4 er det lista opp opplysingar som må sjåast på som relevante og naudsynte (lista er ikkje uttømmende). Det er ein hovudregel at kvar einskilde gjennomføring av tvangstiltak skal journalførast. For å lette journalføringa av tiltak etter kapittel 9, kan utarbeidd skjema nyttast. Slike skjema må fortløpande leggst inn i journalen. Legg gjerne ved ei oppsummering av desse registreringane for å illustrere tvangen. NB! Det er viktig at det vert gjort ei løypande evaluering av tvangstiltaket. Opplysingane må vere så systematiske at data lett kan overførast til statistikk for oppsummering. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-10, § 9-9, fjerde ledd. Helsepersonellova kap. 8 om dokumentasjonsplikt og forskrift om pasientjournal | Punkt 4.10, sjå særleg punkt 4.10.3, 4.10.6, 4.9.6, 4.10.4. |


| | | | |
|-----|--|--|-----------------------------|
| 2.2 | Samla vurdering av tvangsbruken | Helse- og omsorgstenestelova § 9-5, andre ledd. | 4.5.5.2 |
| 3 | OPPLYSINGAR OM TENESTEYTARANE | | |
| 3.1 | Overordna fagleg ansvarleg for kapittel 9. Alle kommunar skal ha utpeikt ein person med dette ansvaret. Det er denne personen som formelt fattar vedtak om bruk av tvang og makt og som har mynde til å trekke vedtak. Denne personen skal skrive under på slutten av vedtaksskjemaet. Det er viktig at denne personen også har mynde til å disponere økonomiske ressursar og personell på ein slik måte at det er mogleg å hindre og førebyggje tvang og makt. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-7, andre ledd. | Punkt 4.7.2 og punkt 5.3.2. |
| 3.2 | Fagleg ansvarleg for gjennomføringa av tiltak. Den overordna faglege ansvarlege for kapittel 9 skal syte for at det for einkilde tiltak er på plass ein fagleg ansvarleg for gjennomføringa. Det vil som regel vere den personen som har det daglege og faglege ansvaret på tenestestaden. Det vil seie leiaren i bustaden eller liknande, men også assisterande leiar av bustaden, leiande miljøterapeut eller ein annan med særleg ansvar og oppgåver for gjennomføringa av tiltaket i vedtaket. Det avgjerande er at organiseringa samla sett er forsvarleg. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-7, tredje ledd bokstav g. | Punkt 4.7.2 og punkt 5.3.2. |
| 3.3 | Kven har delteke i utarbeidinga av tiltaket: Her skal du gi ei oversikt over kva for personar som har delteke i utarbeidinga av tiltaket. Til dømes tilsette på tenestestaden eller i kommunen, pårørande/verje, spesialisthelsetenesta eller andre eksterne partar. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-7, andre og tredje ledd | Punkt 4.7.4 |
| 3.4 | Kven av tenesteytarane skal gjennomføre tiltaket: Om det er | Helse- og omsorgstenestelova § 9-9, | Punkt 4.9 |

| | | | |
|-----|--|---|--|
| | snakk om ein større mengde tenesteytarar, kan denne oversikta leggjast ved. | andre og tredje ledd | |
| 3.5 | <p>Fagleg rettleiing av tenesteytarane: Her skal du føre opp dei personane som er tildelt ansvaret for å rettleie og følgje opp tenesteytarane som skal gjennomføre tvangstiltaket. Før også opp kva for tema som vil bli handsama og i kva omfang.</p> <p>Personalet er forplikta til å delta i den opplæringa som vert fatta, og som vert vurdert som naudsynt for å halde kvalifikasjonane deira ved like. Kommunen må syte for at alle tenesteytarane som deltek i tiltaket, får tilstrekkeleg rettleiing og oppfølging. Det må difor utarbeidast ein særskilt plan for dette. Planen skal leggjast ved vedtaket.</p> | <p>Helse- og omsorgstenestelova § 9-4 og § 9-9.</p> <p>Helse- og omsorgstenestelova § 8-2</p> | Punkt 4.4.3 og punkt 4.4.4 og punkt 4.7.2 og punkt 4.9 |
| 3.6 | <p>Kven deltek frå spesialisthelsetenesta: Spesialisthelsetenesta skal bistå kommunen i å utforme tiltak. Det er kommunen sitt ansvar at spesialisthelsetenesta bringes inn i saka og får dei naudsynte opplysingane som trengs slik at dei kan bistå på ein forsvarleg måte. Her skriv du namna på dei frå spesialisthelsetenesta som deltek.</p> | Helse- og omsorgstenestelova § 9-7 andre ledd, § 9-9 første ledd og § 9-13 | Punkt 4.7.2 og punkt 4.7.4. Punkt 4.9.2 og punkt 4.13. |
| 3.7 | <p>Dispensasjon frå utdanningskravet: Her skal du krysse av for om kommunen fyller kompetansekravet i lova eller ikkje. Om kommunen ikkje fyller kravet, skal det sendast ein søknad om dispensasjon. Denne skal leggjast ved vedtaket. Fylkesmannen oppmodar kommunane til å nytte eige skjema for dette. Det ligg på våre heimesider: www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/</p> <p>NB! Kravet til kompetanse gjeld for den eine av dei to som skal gjennomføre tvangstiltaket.</p> | Helse- og omsorgstenestelova § 9-9, tredje ledd. | Punkt 4.9.5 |

| | | | |
|-----|--|---|-------------|
| 4 | VEDLEGG OG STADFESTING PÅ KVEN VEDTAKET SKAL SENDAST TIL | | |
| 4.1 | Vedlegg: Her er det førehandsutfylt dei vedlegga som er naudsynte for at Fylkesmannen skal kunne gjere ei forsvarleg vurdering av tvangsvedtaket. Sett vekk frå evt. søknad om dispensasjon frå utdanningskravet, kan man ved vidareføring av vedtak vise til tidlegare innsendingar om det ikkje er endringar. I så høve må det gå fram kor og når desse opplysingane finns/vart sendt inn. | | |
| 4.2 | Kvar vedtaket skal sendast: Kryss av for kven vedtaket er sendt til. Om det ikkje er kryssa av for at spesialisthelsetenesta, verje, evt. verje og næraste pårørande har motteke kopi av vedtaket, må Fylkesmannen legge til grunn at dei ikkje har det. Dette vil då føre til unødig lang sakshandsamingstid. Vedtaksdato: same dag som overordna fagleg ansvarleg fattar vedtaket. Skal samsvare med dato på førstesida av vedtaket. | Helse- og omsorgstenestelova § 9-7, fjerde ledd | Punkt 4.7.5 |

2.1. Ved vedtak om fleire tvangstiltak: Det skjer ofte at ein kommune gjer vedtak om fleire tvangstiltak etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9. For å få ei fullstendig oversikt over den totale tvangsbruken, bør alle tiltak med tvang og makt komme fram i eitt tvangsvedtak. Om det skulle vere aktuelt å fatte eit nytt vedtak i ein allereie godkjent vedtaksperiode, må dette sjølvstg gjerast uavhengig av dette. I vedtaksmalen er det tatt høgde for at kommunen søker om eitt tvangstiltak. I vedtaksmalen punkt 2.1 er det «ramma inn» dei opplysingane kommunen må svare på for kvart einskilde tiltak. Om kommunen har fleire enn eitt tiltak, er det enkelt å kopiere denne «ramma» for å kunne svara på det/dei andre tiltaka på same måte.

Framgangsmåte:

- Det er viktig at du gjer dette **FØR** du startar utfyllinga i tiltak 1.
- Trykk i boksen der det står tiltak 1. Det vil då kome opp eit symbol slik som dette: 
- Trykk ein gong på dette symbolet slik at du ser at heile «ramma» vert markert blått
- Før musepeikaren inn i ramma, høgreklikk og trykk Kopier.
- Scroll deg nedover til under «ramma», (etter punkt 2.1.13) og høgreklikk.
- Du får da opp ein boks med ulike alternativ. Under Alternativer for innliming vel du symbolet som står for Behold kildeformatering (K). Trykk på denne.

- **Eitt likedan bilde vil då lime seg inn under og du har no gjort klart skjema for utfylling av neste tvangstiltak. Skriv då TILTAK 2 i den nye ramma, osv.**
- **Repeteer handlinga så mange gongar som det tvangstiltak er.**
- **Ein skal BERRE svare på eitt og eitt tiltak om gongen**

2.1.4 Kva type tiltak dreier deg seg om:

Alternativ etter bokstav b:

- planlagde, skadeavverjande tiltak i gjentekne naudssituasjonar. Dei mest vanlege tiltaka her vil vere fysisk stopping og halding for å hindre eller avgrense utagerande og/eller sjølvskadande åtfærd. Tiltak for å skjerme brukar frå andre personar kan også vere aktuelt, jf. § 9-6 andre ledd;
- planlagde, skadeavverjande tiltak i gjentekne naudssituasjonar med bruk av mekaniske tvangsmiddel som hindrar brukar sin rørslefridom, jf. § 9-6 første ledd;
- planlagde, skadeavverjande tiltak i gjentekne naudssituasjonar med bruk av inngripande varslingsystem, jf. § 9-2 andre ledd.

Alternativ etter bokstav c:

- tiltak for å dekke brukar sine grunnleggande behov for mat og drikke, påkledning, kvile, søvn, hygiene og personlig trygghet. Dei mest vanlege tiltaka her vil vere fysisk stopping og halding for å gjennomføre naudsynt omsorg på dei nemnde områda;
- tiltak for å dekke brukar sine grunnleggande behov med bruk av mekaniske tvangsmiddel som hindrar brukar sin rørslefridom, jf. § 9-6 første ledd;
- tiltak for å dekke brukar sine grunnleggjande behov med bruk av inngripande varslingsystem med tekniske innretningar, jf. § 9-2 andre ledd;
- tiltak for å dekke brukar sine grunnleggjande behov, som opplærings- og treningstiltak. Det er særlege grenser for desse tiltaka, sjå § 9-6 tredje ledd.